

INNKALLING

Utval: Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne

Møtestad: Kommunetunet

Møtedato: 27.03.2017

Tid: kl.15:00

Forfall eller inhabilitet:

Grunngjeve forfall til møtet, eller inhabilitet, må meldast snarast råd til post@fusa.kommune.no eller ekspedisjonen tlf. 56 58 01 00.

Administrasjonen kallar inn varamedlem.

Varamedlemmer møter berre etter særskild innkalling.

Dokumenta ligg til offentleg ettersyn på heimesida www.fusa.kommune.no og på biblioteket, Kommunetunet, Eikelandsosen.

Eikelandsosen, 19.03.2017

Eirin Bergheim
Leiar

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Sakliste

| Sak nr. | Tittel |
|----------------|--|
| 014/2017 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 015/2017 | Prosjektrapportering formannskapet - rapport pr 16.3.17 |
| 016/2017 | Statusmelding Kommunedelplan for kultur |
| 017/2017 | Universell utforming og tilgjenge til røystelokala |
| 018/2017 | Skriv, meldingar og open post - 27.03.2017 |
| 019/2017 | Eldredagen 2017 - planlegging i møtet 27.03.2017 |
| 020/2017 | Skriv og meldingar |
| 021/2017 | Høyring – framlegg til kommunal forskrift- kriterier for tildeling av (vert ettersendt) |
| 022/2017 | Ombygging av rehabiliteringsavdelinga på FBBS (vert ettersendt) |



Sakshandsamar: Gunn Sissel Teigen
Arkivsaksnr: 17/468
Journalpostnr: 17/3196

| Styre, råd, utval | Sak nr | Møtedato |
|--|----------|------------|
| Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne | 014/2017 | 27.03.2017 |

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå møtet 30.01.2017 vert godkjent.

| Styre, råd, utval | Sak nr | Møtedato |
|--|----------|------------|
| Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne | 015/2017 | 27.03.2017 |
| Ungdomsrådet | 022/2017 | 27.03.2017 |
| Formannskapet | 022/2017 | 29.03.2017 |

Prosjektrapportering formannskapet - rapport pr 16.3.17

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektrapporten vert teken til etterretning.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde: Formannskapet

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysningar:

Hovudplan vassverk – prosjekt 030

Planlegging av rehabilitering/omlegging ved fleirbrukshallen vert gjort saman med planlegginga for hallen. Prosjekteringa er i slutfasen.

Rapport pr 19.1.2016.

Arbeidet ved fleirbrukshallen er ute på anbod saman med grunnarbeid for hallen.

Det er planen å starta prosjektering av leidning over Koldal i februar.

Rapport pr 23.3.2016

Det er henta inn anbud og det er valt entreprenør på omlegginga ved hallen. Kontrakt er på det næraste klar.

Det er sett i gang prosjektering av leidning over Koldal.

Rapport pr 18.5.16.

Arbeidet med omlegging ved fleirbrukshallen vert sett i gang 18. mai.

Rapport pr 12.09.16.

Omlegging av leidningsanlegget ved fleirbrukshallen er under utføring. I samband med entreprenøren sitt massedeponi for lausmassar er det lagt ny hovudvassleidning frå området ved hallen og til eksisterande anlegg på Koldal, der ringleidninga over Koldal startar. Denne erstattar ein eldre leidning med dårleg kvalitet. Arbeidet vart prioritert no av di ny leidning kunne leggjast i same trasé som kraftlaget la om sine kablar og der det også vart lagt ny privat overvassleidning. Kostnaden på om lag kr 400 000 er finansiert på vassverksbudsjettet.

Prosjektering av leidningsanlegget over Koldal nærmar seg slutten. Avtalar med grunneigarane er delvis signert og delvis under arbeid.

Rapport pr 08.11.16

Her står framleis att å inngå nokre av grunnavtalane. Dette vil bli prioritert framover.

Rapport pr 16.1.17

Resten av grunnavtalane på Koldal er under arbeid og vil bli fullførte. Utover det er prosjektet stoppa som fylgje av manglande finansiering.

Nytt prosjekt er ombygging av renseanlegg på Helland. Dette vil bli starta i februar.

Rapport pr 15.3.17.

Det vert framleis arbeidd med grunnavtalane på Koldal.

Arbeid med ombygging av renseanlegg på Helland er ikkje kome i gang.

Budsjett

| 2014 | K.sak 45/13 | 2014 | 2015 | 2016 | Sum |
|-----------|-------------|----------|-----------|-----------|-----|
| 1 100 000 | 1 020 000 | 2 200 00 | 4 500 000 | 3 000 000 | |

Hovudplan avlaup – prosjekt 020

Her er ny slamavskiljar på Helland prioritert i hovudplanen. Det vart gjort litt av prosjekteringsarbeidet i eigen regi i 2012. Prosjektet var lagt til sides ein periode etter det. Det var oppstartmøte med konsulent på dette prosjektet 18. mars. DIHVA vil bli engasjert som byggherrestøtte på det som går på prøvetaking av avlaupsvatnet i prosjekteringsfasen. Forøvrig vert det nytta konsulent kommunen har rammeavtale med på dette fagområdet.

Det har vore møte med aktuelle grunneigarar, og det er i hovudsak semje om avtale om utbygginga. Prosjekteringsarbeidet er igangsett.

Planlegging av rehabilitering/omlegging ved fleirbrukshallen vert gjort saman med planlegginga for hallen. Prosjekteringa her er i slutfasen.

Rapport pr 19.1.2016.

Arbeidet ved fleirbrukshallen er ute på anbud saman med grunnarbeid for hallen.

Det er planen å vidareføra prosjektering av slamavskiljar på Helland i februar/mars.

Rapport pr 23.3.2016.

Det er henta inn anbod og det er valt entreprenør på omlegginga ved hallen. Kontrakt er på det næraste klar.

Det er sett i gang att prosjektering av slamavskiljar på Helland.

Rapport pr 18.5.16.

Planar og konkurransegrunnlag for avlaupsanlegg på Helland er ferdige. Dette vil bli lyst ut på DOFFIN så snart endeleg avtale med grunneigar er signert. Arbeidet med omlegging ved fleirbrukshallen vert sett i gang 18. mai.

Rapport pr 12.09.16.

Arbeidet med omlegging ved fleirbrukshallen pågår.

Prosjektering av slamavskiljar på Helland er ferdig. Det er forhandla fram avtale med grunneigar, og prosjektet blir lagt ut på DOFFIN så snart grunneigaravtalen er signert.

Rapport pr 08.11.16.

Det er framleis ikkje signert avtale med grunneigar, det står på detaljar i utforming av situasjonsplan. Dette vil venteleg bli løyst.

Rapport pr 16.1.17.

Avtale med grunneigar er framleis ikkje signert. Situasjonsplan er no oppdatert i samsvar med ynskje frå grunneigar. Det er forventning om at grunnavtalen blir signert slik at prosjektet kan gå vidare.

Rapport pr 15.3.17.

Grunnavtale for slamavskiljar på Helland er signert, arbeidet er ferdig prosjektert og vil bli lagt ut på tilbodskonkurranse I nær framtid.

| 2013 | K.sak 45/13 | 2014 | 2015 | 2016 | Sum |
|----------|-------------|-----------|-----------|-----------|-----|
| 1600 000 | -1 020 000 | 2 460 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | |

Reguleringsplan Baldersheim – prosjekt 033

Planen var ute på høyring sommaren 2012. Kystverket kom med motsegn mot framlegget på grunn av fiskerihamna. Det vart halde møte med Kystverket, grunneigar ved båthamna på sørsida og kommunen i januar. Kystverket ynskjer primært å overføra fiskerihamna med tilhøyrande anlegg og rettar til kommunen. Etter staten sine retningsliner blir det teke takst på dei fysiske delane (moloar og kai) av hamna, og kommunen må så betala til Kystverket i samsvar med takst. Når endeleg framlegg frå Kystverket ligg føre, må kommunen ta stilling til dette.

Det vart 15. mai gjennomført eit internt møte med kommunen, båtlag og aktuelle grunneigarar for å avklara om det var aktuelt å overta fiskerihamna. Konklusjonen frå møtet vart at det ikkje er interesse for å overta hamna frå Kystverket. Etter dette har det vore drøfta korvidt kommunen/grunneigarane kan overta hamna til ein lavare kostnad enn det som var skissert frå Kystverket i januar. Ein sum på inntil kr 200 000 har vore nemnt i samtalar med Kystverket sin sakshandsamar.

Dette er eit nivå som både grunneigarane og kommunen kan vurdere.
Det vil bli arbeidd vidare med ein avtale med Kystverket basert på ein slik kostnad.

Prosjektet er ikkje vidareført etter sist rapport.

Rapport pr 08.11.16

Arbeidet med reguleringsplanen vil bli teke opp att i løpet av november. Utgangspunktet vil vera å avgrensa planområdet slik at det ikkje omfattar areal som er bandlagt i samband med fiskerihamna.

Rapport pr 16.01.17.

Det har vore halde eit nytt møte med konsulent, og så har det vore ein samtale med Kystverket sin sakshandsamar. Kystverket signaliserer at det kan vera endringar i vilkåra for kommunal overtaking av fiskerihamna i forhold til slik det var i 2013. Kystverket seier seg villig til å ha eit nytt møte på Baldersheim for å gå gjennom saka på ny. Møtetidspunkt vil bli avtalt så snart som mogeleg.

Rapport pr 15.3.17.

Det har vore møte med Kystverket der dei kom med framlegg til avtale for kommunal overtaking av fiskerihamna. Det vert lagt fram eiga sak om dette.

Budsjett

| | |
|---------|---------|
| 2013 | Sum |
| 250 000 | 250 000 |

Opprusting vegar – prosjekt 080

Her mottok kommunen to tilbod på ny bru på veg til Dale. Det er gjort ei tildeling av oppdraget. Arbeidet er ytterlegare forseinka.

Planlegging av arbeidet på Gjørn og utbetring av vegkryssa inn til Eikelandsheiane industriområde er under arbeid hos konsulent.

Rapport pr 18.5.16.

Ferdigstilling av planar og utsending på anbud når det gjeld veg til Gjørn og vegkryssa på Heiane vil bli prioritert fram til ferien.

Asfaltering av vegar i samsvar med formannskapet si prioritering vil bli sendt ut på anbud etter ferien.

Rapport pr 12.09.16.

Konkurransgrunnlag for arbeida på vegen til Gjørn og ved vegkryssa inn til Eikelandsheiane er klart til utlegging på DOFFIN.

Konkurransgrunnlag for asfaltentreprise er under utarbeiding.

Utover det som var prioritert av formannskapet I vår, er det sterkt ynskjeleg å få lagt ny asfalt på to vegstrekningar som har svært gammalt og nedslite vegdekke. Det er første del av vegen inn til Eikelandsheiane industriområde og deler av Torsneset, frå bussrundkjøringa og ned til krysset med Leiro. Begge har høg trafikk, er rundt 30 år gamle og krev svært mykje tid til lapping av slagholer. Kostnad med dette vil vera om lag kr 350 000 eks.mva, og kan dekkast av dei midlane (kr 1,4 mill) som vart tilført vegbudsjettet I samband med handsaming av revidert økonomiplan.

Rapport pr 08.11.16

Ny bru på vegen til Dale er på det næraste ferdig, det står att litt rekkverkarbeid og asfaltering.

Det er henta inn anbud på utbetring på veg til Gjørn og utbetring av frisikt på Eikelandsheiane. Det er gjennomført kontraktsforhandlingar, og kontrakt vil bli inngått med det første. Det står att endeleg avklaring med vegvesenet når det gjeld kryssa på Eikelandsheiane.

Det er også henta inn anbud på rammeavtale på asfaltering. Her er tildelingsbrev på veg ut, og det vil vera klart til asfaltarbeid så snart klagefrist på tildelinga er ute. Førebuande arbeid som grøfthing og m.m. er utført i eigen regi.

Rapport pr 16.01.17

Bru på Dale er ferdig bortsett frå asfaltarbeida. Dette er teke ut av kontrakta, og vil bli utført i eigen regi etter rammeavtale så snart det er praktisk mogeleg.

Veg til Haugen i Sævareid og veg i Eikebakken vart asfaltert i månadsskiftet november/desember.

Nye prosjekt på investeringsbudsjettet for 2017 vil bli starta opp i løpet av januar/februar.

Rapport pr 15.3.17.

Utarbeiding av konkurransegrunnlag for utbetring av veg til Eidestøa er igangsett. Det har vore synfaring på fylkesvegen mellom Tveitamarka og Samnøy, og det er sendt førespurnad til vegvesenet om møte/synfaring for å avklara vidare arbeid.

Utbetring av Stallabrotvegen er i startfasen. Utbetring av veg til gravplassen på Baldersheim er så langt ikkje starta.

Arbeid på veg til Gjørn vil bli starta i nær framtid.

| 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | Sum |
|---------|---------|-----------|-----------|-----|
| 1447500 | 500 000 | 1 800 000 | 1 000 000 | |

Trafikksikring Sævareid

Vegvesenet har utbetra krysset mellom fylkesvegane. Krysset er dimensjonert for lastebil/buss.

Vidareføring av arbeid med rundkjøringa ved Breidablik vil bli igangsett i inneverande år. Oppstart av anleggsarbeid må likevel venta til setningane i fyllinga i hovudsak er ferdige; her vil bli gjort målingar for å fylgja med på dette. I mellomtida vil det bli arbeidd med endeleg godkjenning av planane hos vegvesenet.

Slik det ser ut med kapasitet til å arbeida med dette, vil det neppe bli utført meir anleggsarbeid her i år.

Rapport pr 19.1.2016:

Det har vore relativt store setningar i fyllinga her, slik at det hittil ikkje har vore hensiktsmessig å fullføra arbeidet. Det vert teke sikte på å gjera ferdig prosjektet i sommar finansiert med ein del av årets løyving til trafikksikringstiltak. Kostnadsoverslag vil verta lagt fram før arbeidet vert sett i gang.

Rapport pr 23.3.2016.

Det er utarbeidd revidert plan for rundkjøringa.

Rapport pr 12.09.16.

Ingen endring etter førre rapport.

Rapport pr 1.01.17.

Det er søkt fylkeskommunen om trafikksikringsmidlar til ferdiggjering av rundkjøringa.

Rapport pr 15.3.17.

Kommunen fekk avslag på søknad om trafikksikringsmidlar frå fylkeskommunen. Det vert teke sikte på å utføra det mest naudsynte arbeidet innafør prosjekt 070, slik at rundkjøringa kan takast i bruk.

Adressering – prosjekt 090

Her føregår framleis arbeid med tildeling av adresser. Konkurransgrunnlag for vegnamnskilting er under arbeid, og tilbodskonkurranse vil slik det ser ut no kunna gjennomførast i tida fram til første del av mai.

Kommunale bygg - prosjekt 180

Rapport pr 19.1.2016.

Her er mange tiltak som må utførast utover prosjektet på Baldersheim Helsetun. Ny heis på sjukeheimen er under planlegging, det blir laga eit konkurransegrunnlag som går ut på anbod så snart som mogeleg.

Fleire av ventilasjonsanlegga på kommunale bygg treng rehabilitering/fornyng. Det er på ingen måte rom for dette på driftsbudsjettet.

Del av taket på Holdhus skule må rehabiliterast.

Rapport pr 23.3.2016.

Rehabilitering av husvære på Baldersheim helsetun er ute på anbod. Det blir elles skifta ut ein stor del gamle lysarmatur på FBBS.

Rapport pr 18.5.16.

Arbeidet på Baldersheim er igangsett.

Det er kome inn anbod på ny heis på FBBS. Her er svært stor skilnad på prisane etter kor stor heiskabin ein vil ha. Det må gjerast ei vurdering av kva som er naudsynt og fornuftig storleik.

Rapport pr 12.09.16.

Rehabilitering av husvære på Baldersheim er fullført.

Konkurransegrunnlag for utvendig vedlikehald på Baldersheim helsetun er under utarbeiding.

Kontrakt på ny heis på FBBS er på det næraste klar. Etter drøfting med FBBS er det valt ein standard heiskabin.

Rapport pr 08.11.16

Ny heis på FBBS er bestilt, den skal vera klar til utgangen av februar.

Utvendig vedlikehald Baldersheim Helsetun vil bli sendt ut på anbod i år.

Ombygging el. anlegg på Holdhus og i Strandvik på grunn av skulesal vil vera ferdig innan utgangen av året.

Rapport pr 16.01.17.

Fylgjande er pr dags dato igangsett eller under igangsetjing:

Heis FBBS
Utvendig vedlikehald Baldersheim Helsetun.
Nytt brannalarmanlegg i Hellemyra bufellesskap.
Skifte av lysarmatur FBBS til LED-lys.

Utover dette må ein sjå på vedlikehaldsplanen kva tiltak som er viktigast.

Rapport pr 15.3.17.

Ny heis ved FBBS er på det næraste ferdig.
Det er tinga nytt brannalarmanlegg i Hellemyra. Brannalarmanlegget på Torsneset bufellesskap vil også bli skifta ut.

Budsjett

| 2014 | 2015 | 2016 | |
|-----------|-----------|-----------|--|
| 1.500.000 | 2 500 000 | 4 900 000 | |

Områdeplan Eikelandsosen – prosjekt 220

På grunn av ferieavvikling har det i skrivande stund ikkje vore råd å få oppdatert status på dette prosjektet. Det vil bli orientert muntleg på møtet.

FBBS – prosjekt 270/271

Her er deler av prosjekteringsarbeidet tidlegare gjort i eigen regi. Husbanken har tidlegare godkjent eit skisseforslag.

Det no etablert ny prosjektgruppe som har hatt sitt første møte. I veke 7 vil det bli engasjert arkitekt og konsulentar basert på inngåtte rammeavtalar. Prosjektet vil ha første prioritet framover.

Rapport pr 30.3.15.

Her er arkitekt i full gang med utarbeiding av planar. Det vert teke sikte på eit møte hos husbanken i veke 15 med tanke på godkjenning av planane hos dei.

Rapport pr 19.5.15:

Arkitekt har utarbeida forslag til løysing. Prosess med kontakt/godkjenning frå Husbanken har teke noko tid.

Etter litt tilpassing er dette no på veg til å bli godkjent av Husbanken.

Me er no klar til å engasjere tekniske konsulentar for å gå inn i eit grundig forprosjekt for arbeida og grunnlag for anbud.

Rapport pr 14.9.2015.

Detaljprosjekteringa vil vera ferdig i løpet av ei veker tid. Prosessen med anbudskonkurranse blir då starta.

Sannsynleg oppstart på bygningsarbeid ikring årsskiftet.

Rapport pr 10.11.2015

Det var anbudsopning på prosjektet 5.11.. Prosjektet ser i utgangspunktet ut til å koma innafør budsjetttramma inklusiv det som er føreslått for 2016.

Oppstart er forventa i januar 2016.

Rapport pr 19.1.2016.

Arbeidet er no starta opp med ombygging i austfløy.

Dette vil ta ca. 2 månadar, og etter eit lite opphald for å flytta bebruarane vil arbeidet halda fram i nordfløy.

Arbeidet er planlagt fullført 1. juni 2016.

Dette er eit omfattande ombyggingsarbeid og uventa ting kan dukka opp, men slik det ser ut no skal arbeidet fullførast innan for avsett ramme.

Rapport pr 23.3.2016.

Arbeidet i austfløy pågår – delovertaking er avtalt til 22. april.

Dette er eit omfattande ombyggingsarbeid og det har dukka opp ein del utfordringar under vegs.

Arbeidet ligg no om lag 4 veker etter framdriftsplanen. Forventar at noko av dette kan takast att i fase to med nordfløy av di denne delen av arbeidet er enklare når det ikkje er så mange omsyn å ta til andre deler av bygget.

Arbeidet er planlagt fullført 1. juni 2016.

Prosjektet er byrja å bli pressa på økonomi, men me satsar på at det kan fullførast innanfor avsett ramme.

Rapport pr 18.5.16.

Bustadane som vart ferdigstilte i fase 1 er klare til innflytting. Det pågår ombygging av kontor og medisinrom.

Omprosjektering etter kommunestyret sitt vedtak når det gjeld fase 2 er sett i gang.

Rapport pr 12.09.16.

Planløsning for ombygging til nye rom i nordfløyen er klar. Denne er akseptert av Husbanken, og arbeidstilsynet har gjeve signal om at me får planen godkjent. Husbanken krev at arealkravet til langtidsplassar skal fylgjast, dette inneber meir utviding enn tidlegare signalisert.

Det må utarbeidast detaljplanar og konkurransegrunnlag, og det må gjennomførast anbodskonkurranse for ein grunn- og betongentreprise.

Oppdaterte kostnader må kunna vera klare til handsaminga av investeringsbudsjettet for 2017.

Rapport pr 08.11.16

Arbeidet i austfløy og ombygging av kontor/medisinrom m.m. er ferdig. Detaljprosjektering av nordfløy vil vera ferdig i løpet av november. Byggestart vil kunna bli om lag 1. februar 2017.

Endeleg godkjenning frå husbanken og arbeidstilsynet vil kunna påverka denne datoen.

Husbanken sitt tilsagn om investeringstilskot må vera på plass før arbeidet startar.

Rapport pr 16.01.17.

Arbeidet med nordfløy nærmar seg oppstart. Forutsett endeleg godkjenning frå husbanken vil arbeidet kunna vera i gang rundt 1. februar.

Rapport pr 15.3.17.

Arbeidet i nordfløyen er i full gang. Det skal etter kontraktene vera ferdig 4. juli. Det er gjort nokre mindre endringar i planløyninga etter krav frå husbanken.

Teknisk har også sett på utbetring av sørfløyen på FBBS med tanke på å innarbeida utbetring av denne i framlegg til investeringsbudsjett for 2018. Her vert det lagt fram eiga sak.

Budsjett

| 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | Sum |
|-----------|-----------|---------|-----------|-----|
| 5 000 000 | 7 000 000 | 800 000 | 1 900 000 | |

Fleirbrukshall/idrettshall - prosjekt 240

Her er prosjektgruppe etablert og har hatt sitt første møte. Neste møte er avtalt til 9. april saman med arkitekt. På dette møte vil det bli vurdert behov for andre rådgjevarar til prosjektering og val av entrepriseform. Det vil også bli sett opp ein framdriftsplan.

Dette er eit av prosjekta der er ein avhengig av å kjøpa tenester til prosjektleiing og byggeleiing.

Rapport pr 19.5.2015

Det vart avhalde prosjektgruppemøte saman med arkitekt i april. Det er igangsett utarbeiding av eit skisseprosjekt som vil danna utgangspunkt for vidare arbeid.

Rapport pr 14.9.2015

Det nærmar seg eit forprosjekt med samla areal på bygget i samsvar med vedteke romprogram. Prosjektgruppa har hatt møte 14.9.15 og har gjort nokre justeringar på rominndeling og plassering samt drøfta materialbruk. Arkitekt og øvrige konsulentar har fått i oppdrag å gjera ferdig forprosjektet inklusiv kostnadsoverslag i løpet av september. Parallelt går planlegginga av grunnarbeid for hallen samt omlegging av veg, VA-leidningar og høgspontanlegg sin gang med tanke på å koma i gang med anbodsrunde på dette så snart som mogeleg.

Rapport pr 10.11.2015

Prosjektering av grunnarbeidet nærmar seg ferdig. Dette vil bli lagt ut på anbod i slutten av november med planlagt oppstart på grunnarbeida i januar.

Når det gjeld bygget er dette i hovudsak klart på forprosjektnivå, det står att nokre justeringar m.a. etter innspel frå idrettsrådet. Dette vil bli prosjektert ferdig slik at bygget kan gå ut på anbod i januar slik at ein er klar til byggestart når grunnarbeidet er ferdig.

Kostnaden med prosjektet har auka i nye kostnadsoverslag frå prosjekteringsgruppa. Dette er lagt inn i rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjett og økonomiplan.

Kostnadsoverslaget er basert på erfaringstal frå same type bygg, i tillegg til sjølve entreprisekostnaden er det på lagt inn prosentvise påslag for prosjektering, prosjektleiing og byggeleiing. Når det gjeld entreprisekostnaden er denne i nokon grad avhengig av m.a. materialval i hovuddelane av bygget.

Rapport pr 19.1.2016.

Grunnarbeidet er ute på anbod med frist 1. februar.

Detaljprosjektering av bygget er sett i gang.

Rapport pr 23.3.2016.

Kontrakt på grunnarbeid er på det næraste klar til underteikning. Kostnad med grunnarbeidet er innafor budsjettet.

I anbodsgrunnlaget er det lagt inn ein opsjon på utbetring av Stallabrotvegen om lag 100 meter lengre oppover enn det som er naudsynt for hallen sin del. Denne vart teken med dels av trafikksikringsomsyn og dels av di det uansett må leggjast om vassleidning og høgspenkabel på strekinga. Det bør takast stilling til no om denne opsjonen skal nyttast. Kostnad med opsjonen er kr 1,46 mill. Av dette utgjer grøftearbeidet som må utførast om lag kr 0,3 mill.

Detaljprosjektering av hallen er under arbeid, med forventa utsending på anbod i juni. Klatrehallen blir også detaljprosjektert med tanke på ein separat konkurranse, som blir

gjennomført samtidig med konkurransen for hovedbygget.

Det er også tinga prosjektering av utbetring av Stallabrotvegen ned til fylkesvegen. Først og fremst er kjørebana for smal til dagens trafikk, og så er vegen delvis for bratt.

Rapport pr 18.5.16.

Det har vore halde oppstartmøte med entreprenør, kraftlag og byggeleiar for å gå gjennom første del av prosjektet. Samtidig var det halde orienteringsmøte med naboane, herunder barnehage og barneskule.

Arbeid med vegetasjonsrydding startar 18.5., og grunnarbeidet vil vera ferdig i slutten av oktober.

Rapport pr 12.09.16.

Grunnarbeidet går sin gang. Det er blitt ein del mindre endringar undervegs, men ikkje meir enn venta så langt det gjeld rehabilitering av vass- og avlaupsleidningar. I kontrakta er det teke høgde for slike endringar i eigne postar. I kabelgrøftene innafor anleggsområdet er blitt lagt noko fleire kablar enn det som var planlagt; kostnaden med desse grøftene har difor auka noko. Dette er innafor det som er sett av til utføresett i kontrakta og i budsjettet.

Anbudskonkurransen for bygget er i gang, anbudsfrist er 30. september.

Rapport pr 08.11.16

Det var god deltaking på anbuds konkurranse, med 7 anbud på byggentreprise og 4-6 på dei tekniske faga unnateke heis der det var 2 anbud.

Totalsum for bygget etter evaluering av anboda er 46,6 mill eks mva utan klatrehall.

Klatrehallen kostar kr 2,4 mill eks mva. Dvs kr 49 mill til saman. I kostnadsoverslaget som låg til grunn hausten 2015 er kostnad med bygget utan klatrehall kr 40 mill.

Det vert lagt fram eiga sak om fleirbrukshallen.

Når det gjeld grunnarbeidet er dette i rute, med ferdigstilling tidleg i desember. Det har ikkje vore større endringar etter sist rapport.

Rapport pr 16.01.17

Konkurransesgrunnlag for totalentreprise for hallen er under utarbeiding i samsvar med vedtak i formannskapet 22.12.16. Konkurransen vil bli lagt ut på DOFFIN i månads skiftet januar/februar.

Ferdiggjering av grunnarbeidet har trekt ut litt i tid, men er no på det næraste klart for overtaking.

Rapport pr 15.3.17.

Grunnarbeidet vart overteke I februar.

Utarbeiding av konkurransegrunnlag for totalentreprise for bygget er på det næraste ferdig. Dette har diverre teke lengre tid enn tenkt sidan det må gjerast innimellom alle andre oppgåver. Det er også behov for tilstrekkeleg god kvalitet på dokumentet sidan dette er eit stort prosjekt.

Budsjett

| | | | |
|------------|------------|--|--|
| 2015 | 2016 | | |
| 18 000 000 | 34 500 000 | | |

Utleigebustadar for flyktingar – prosjekt 405

Her er det oppretta prosjektgruppe som har starta planlegging av tiltak. Det er planen å laga fire bustader med litt større fleksibilitet (m.a. varierende storleik) enn i dei bustadane kommune eig i dag. Det vert arbeidd med funksjonsbeskrivelse for desse. Prosjektet vert lagt ut på Doffin så snart konkurransegrunnlaget er klart. Det kan og vera aktuelt å kjøpa ferdige bustader sentralt i Eikelandssosen.

Rapport pr 19.1.2016.

Prosjektet vert utført med totalentreprise. Funksjonsbeskrivelse for 2 tomannsbustadar på tomtar som kommunen eig aust for FBBS er ute på anbud med frist 1. februar. Planen er at prosjektet skal vera ferdig 1.november 2016.

Rapport pr 23.3.2016.

Her er Leigland Bygg tildelt kontrakt på prosjektet. Oppstart må venta til kommunen har fått tilsagn frå husbanken, dette er signalisert at me får i første del av april. Prosjektet skal vera ferdig til 1.11.2016. Kostnad litt under det som var forventa.

Rapport pr 18.5.16.

Grunnarbeidet på prosjektet er i gang. Kommunen har fått tilsagn om tilskot frå husbanken, men mindre enn forventa på grunn av stor søknadsmengde hos husbanken. Kommunen har klaga på tildelinga.

Rapport pr 12.09.16.

Prosjektet går etter planen. Det eine bygget er på det næraste ferdig utvendig, og det andre er under oppføring. Prosjektet skal etter planen vera ferdig 1. desember.

Rapport pr 08.11.16

Det eine bygget er på det næraste ferdig. Begge skal vera ferdige til 1.desember. Kommunen fekk ikkje medhald på klage til husbanken, og enda opp med 29% tilskot til desse bustadane.

Rapport pr 16.01.17.

Arbeidet var ferdig og prosjektet vart overteke av kommunen i desember.

Rapport pr 15.3.17.

Det er søkt om utbetaling av tilskot frå husbanken.

Budsjett

| | | | |
|-----------|------------|--|--|
| 2015 | 2016 | | |
| 3 000 000 | 11 500 000 | | |

Tilbygg brannstasjon – prosjekt 261

Prosjektgruppa har arbeidd ut eit utkast til løysing. Kostnadsoverslag er laga fram til budsjettarbeidet.

Vidare vil bedriftshelsetenesta gå gjennom løysinga for å sikra at den er innafor arbeidstilsynet sitt regelverk for slike lokale.

Rapport pr 19.1.2016

Her er gjennomgang av planane saman med bedriftshelsetenesta så lang ikkje gjennomført.

Rapport pr 23.3.2016

Her er det dukka opp to alternativ til utbygging av stasjonen. Det eine er leige av lokale i same bygg som framtidig ny ambulansestasjon. Det andre er kjøp av ein eigedom på Eikelandsheiane som med litt ombygging kan bli teneleg brannstasjon. Desse alternativa er til vurdering, og det vil kunna bli lagt fram ei sak til politisk handsaming i juni dersom alternativa vert vurderte til å vera aktuelle.

Rapport pr 18.5.16.

Arbeidet med denne saka er ikkje kome så langt at den er klar til politisk handsaming.

Rapport pr 12.09.16.

Saka er framleis ikkje klar til politisk handsaming. Målet no er å ha denne saka klar samtidig med budsjettet.

Her er mange omsyn å ta når ein skal ta avgjerd. Utover sjølve brannstasjonen er dette mellom anna plassering av ambulansestasjon, helsesenter/legekontor og evt alternativ bruk av noverande brannstasjon.

Rapport pr 08.11.16

Det vert lagt fram eiga sak om dette prosjektet.

Rapport pr 16.01.17.

Det er sett i gang arbeid med utgreiing av eit nytt prosjekt i samsvar med vedtak i kommunestyret 15. desember.

Rapport pr 15.3.17.

Det er gjennomført forhandlingar/møte med eigarane av tomtealternativa på Eikelandsheiane. Alternativet ved avkjøringa frå fylkesvegen peikar seg ut som mest aktuelt. Romprogram og skisseprosjekt for eit bygg er under arbeid i første omgang for å få til eit kostnadsoverslag. Det er også dialog med Arbeidstilsynet som går på vaske- og garderobetilhøve. Endeleg svar etter tilsynet dei hadde i mai 2016 er venta med det første.

Budsjett

| | | | |
|-----------|--|--|--|
| 2016 | | | |
| 2 000 000 | | | |

Eikelandsosen helsesenter – strakstiltak – prosjekt 52

Dette er under prosjektering, men for å unngå kaos ved FBBS, må oppstart venta til prosjekt 270 er ferdig.

Rapport pr 18.5.16.

Arbeidet er under prosjektering, og vil bli sendt ut på anbod før ferien.

Rapport pr 12.09.16.

Prosjektet er sett på vent til det er teke avgjerd om framtidig plassering av helsesenter.

Rapport pr 16.01.17.

Prosjektet er på vent, jfr også kommunestyret sitt vedtak om evt nytt helsesenter på Leiro.

Budsjett

| | | | |
|---------|---------|--|--|
| 2015 | 2016 | | |
| 200 000 | 600 000 | | |

Veg gravplass Åkre og parkering kyrkja prosjekt 1710

Arbeidet er under planlegging.

Investering Nore Fusa skule – prosjekt 1712.

Her er avtalt kartlegging av behov saman med skulen.

Investering ungdomsskule – prosjekt 1713.

Her må det klargjerast kva prosjektet skal vera. Første del kan vera ei utgreiing av ulike alternativ – full rehabilitering av eksisterande bygningsmasse eller nybygg. Ein slik rapport må munna ut i ei tilråding – kva alternativ som totalt sett er det beste. Rapporten må vera klar til budsjetthandsaminga til hausten.

Vurdering:

Rådmannen rår til at prosjektrapporten vert teken til etterretning.

| Styre, råd, utval | Sak nr | Møtedato |
|--|----------|------------|
| Formannskapet | 023/2017 | 29.03.2017 |
| Ungdomsrådet | 018/2017 | 27.03.2017 |
| Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne | 016/2017 | 27.03.2017 |

Statusmelding Kommunedelplan for kultur

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teke til etterretning.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

Formannskapet

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka

Ikkje vedlegg:

Planprogram. Kommunedelplan for kultur 2016-2027

Faktiske opplysningar:

Fusa kommune har vedteke at ein skal utarbeida ein Kommunedelplan for kultur. Som kommunedelplan følgjer planprosessen krav sett i Plan- og bygningslova til m.a. utarbeiding av planprogram. Planprogrammet vart vedteke av kommunestyret 13. oktober 2016.

Formannskapet er politisk styringsgruppe for planarbeidet.

I følgje planprogrammet skal planen handsama 6 tema:

- Kulturminne/kulturvern
- Kulturformidling

- Frivillig arbeid
- Kulturbygg
- Fritid
- Bibliotek

Tema idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet er handsama i ein eigen og relativt ny (2014) kommunedelplan og er ivareteke der.

Planarbeidet er våren 2017 inne i ein kartleggings- og utgreiingsfase. I denne saka til formannskap/ styringsgruppa og råda, vert det lagt fram ei statusmelding for planarbeidet og ein oppdatert overordna milepelsplan. Sjå også vedlagt utkast til innhaldsliste som er retningsgjevande for innhald og struktur i plandokumentet.

Styring av planarbeidet

I styringa av planarbeidet nyttar ein dei etablerte formelle styringsstrukturane i Fusa kommune. Formannskapet er politisk styringsgruppe for planarbeidet og vert involvert gjennom heile planprosessen med statusoppdateringar og drøftingsmøte. I slutthandsaminga innstiller formannskapet til kommunestyret.

Rådmannen er ansvarleg for utarbeiding av plandokumentet og legg dette fram for formannskapet til politisk behandling. Sjå vedlagt modell for styringsstruktur.

Kartlegging

Eit planarbeid må vera kunnskapsbasert og på fleire av dei valde tema i planen må det gjerast eit arbeid med kartlegging og registrering

På nokre felt har vi alt eit oppdatert kunnskapsgrunnlag:
 Ungdomsundersøking (2015)
 Organisasjonsundersøking (2016)
 Kulturindeks (2015)

Vi har fått til saman kr 200.000,- i tilskot frå Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren som kan nyttast til å til å få ein slik gjennomgang av tema kulturminne/kulturvern.

På tema bibliotek har vi tilsvarende fått kr 100.000,- i tilskot frå Hordaland fylkeskommune i tillegg kommunal løyving på kr 200.000,- til prosjekt modell-bibliotek. I tillegg til dei løyvde pengane vil ein få prosjektoppfølgjing frå fagmiljøet ved fylkesbiblioteket og hjelp av interiørarkitekt betalt av HFK.

I nokon grad vil tidlegare planar vera ein del av kunnskapsgrunnlaget for ny plan. På tema kulturbygg må ein gjera ei oppdatert og ny kartlegging av anleggssituasjonen

Vurdering:

Involvering og medverknad

På fleire tema vil det vera viktig å henta idear frå publikum og få inn informasjon om behov og synspunkt på kva som er ønskt utvikling. På somme tema vil det vera viktig å få ein god dialog med aktuelle fagpersonar i kommuneadministrasjonen eller på regionalt nivå, som kan inviterast inn i ressursgruppemøte.

For Den kulturelle skulesekken er kommunale og private skular likestilte brukarar av tilbodet, og her må ein syta for at begge skuleslaga får ta del i planprosessen.

Det vil vera aktuelt å organisera ei eller fleire arbeidsgrupper på kvart tema. Ein vil i dette arbeidet så langt råd bruka etablerte organ og struktur. Når ein tek for seg barn/ ungdom under fritid, blir det rett å bruka ungdomsrådet som arbeidsgruppe og så langt råd dei faste møta. På same måte kan ein trekka inn Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne når det er snakk om Den kulturelle spaserstokken og på tema fritid for eldre.

Arbeidsgruppene kan etter behov organisera synfaringar både i og utanfor Fusa, og gruppene vil vera sentrale i drøftinga av aktuelle problemstillingar, analyser, mål, strategiar og tiltak.

Vi vil også ta i bruk sosiale media og digitale hjelpemiddel i innbyggjardialogen, t.d. enkle spørjeundersøkingar.

Kommunereforma og vedtaket om å gå saman med Os gjer at det blir viktig å ha ein god dialog med Os kommune. Os kommune har starta opp arbeidet med ein kulturminneplan der kulturleiar i Fusa er invitert inn i prosjektgruppa. Dette ser ein er utbyterikt for begge partar og vi vil på tilsvarande måte invitera fagfolk i Os kommune med i vår planprosess.

Mobilisering

Det første større mobiliseringsmøtet i planarbeidet vert torsdag 6. april der Frivillig Norge vil presentera resultat og funn i organisasjonsundersøkinga frå 2016. I tillegg til foredrag frå Lise Corwin frå Frivillig Norge, legg ein her opp til gruppearbeid og dialog rundt tema frivilligpolitikk. I dette oppstartmøte er den politiske styringsgruppa (formannskapet) vertskap saman med den administrative styringsgruppa (strategisk leiargruppe).

Eit liknande stormøte er planlagt til hausten med tema «Fusa-kulturen mot 2030».

Tidsplan

I følgje milepelsplanen i planprogrammet skal ein ha planen ferdig politisk handsama innan utgangen av 2017. Dette ser ein no er for optimistisk. Planarbeidet er omfattande og baserer seg i stor grad på bruk av eigne fagfolk som har mange driftsoppgåver. Det bør vera mogeleg å få planen endeleg godkjend innan sommaren 2018. I så fall kan planen m.a. ligga til grunn for den siste budsjetthandsaminga for Fusa kommune for 2019.

Ein oppdatert framdriftsplan vil då sjå slik ut:

| NR | Delmål | Oppgåve | Vedtak | Tidsplan |
|----|---|-------------------|---------------|-----------------------|
| 1 | Godkjenning av planprogram | Politisk vedtak | Kommunestyret | Oktober 2016 |
| 2 | 1. løypemelding om kartlegging og prosess | Politisk drøfting | Formannskapet | Ultimo mars 2017 |
| 3 | 2. løypemelding om val av visjon, mål og strategiar | Politisk drøfting | Formannskapet | Ultimo september 2017 |
| 4 | Plan til offentleg ettersyn | Politisk vedtak | Formannskapet | Ultimo november 2017 |

| | | | | |
|---|----------------------|-----------------|---------------|----------|
| 5 | Plan til godkjenning | Politisk vedtak | Kommunestyret | Vår 2018 |
|---|----------------------|-----------------|---------------|----------|

Vedlegg:

Innholdsliste kulturplan Utkast per 15. mars 2017
 Styringsmodell kulturplan 2017

1348714
 1348726

15.03.2017
 15.03.2017

INNHALD KULTURPLAN

Utkast per 15. mars 2017

1 Føreord

2 Innhald

3 Samandrag

4 Innleiing

4.1 Bakgrunn

4.2 Planen som styringsverktøy

4.3 Planprosessen

5 Overordna nasjonale, regionale og lokale føringar for planfeltet

5.1 Statleg kulturpolitikk

5.2 Regionale føringar

5.3 Kommunale føringar og strategiar

6 Utviklingstrekk

6.1 Folketal og samansetjing i Fusa kommune

6.2 Kulturpolitikk – nasjonalt, regionalt og lokalt

7. Visjon og mål

7.1 Visjon for Fusa kommune

7.2 Visjon for planen

7.3 Hovudmål og strategiar

8. Temaplanar

8.1 Frivilligpolitikk

8.2 Bibliotek

8.3 Kulturbygg

8.4 Kulturformidling

8.4.1 Kulturformidling i barnehage

8.4.2 Kulturformidling i grunnskulen (dks)

8.4.3 Kulturformidling på institusjon (den kulturelle spaserstokken)

8.4.4 Kulturformidling i det offentlege rom

8.4.5 Markering av høgtider (nyttår, 17. mai, jonsok)

8.5 Fritid

8.5.1 Barn/ ungdom

8.5.2 Funksjonshemma

8.5.3 Seniorar/ eldre

8.5.4 Innvandrarar

8.6 Kulturminne/kulturvern

8.6.1 Faste kulturminne (fornminne, bygg, tekniske kulturminne mm)

8.6.2 Lause kulturminne (førhistoriske funn,gjenstander)

8.6.3 Immaterielle kulturminne (tradisjonar, handverk mm)

For kvart tema:

- Nasjonale, regionale og lokale føringar
- Delmål og strategiar
- Gjennomgang av tidlegare planar
- Status for temaområdet
- Utfordringar - analyse
- Virkemiddel
- Tiltaksplan


9. Vedlegg

9.1 Kartlegging av kulturminne

9.2 Kartlegging av lokale kulturbygg

10. Kjelder

11. Litteratur



Kommunedelplan for kultur
 Styringsmodell etter at kommune-
 styret har vedteke planprogram

| Styre, råd, utval | Sak nr | Møtedato |
|--|----------|------------|
| Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne | 017/2017 | 27.03.2017 |

Universell utforming og tilgjenge til røystelokala

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for senior- og funksjonsrådet for evt. uttale om vallokala.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

Senior- og funksjonsrådet

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysningar:

Vallova, valforskrifta og diskriminerings- og tilgjengelegghetslova stiller krav om at det skal nyttast lokaler som er lett tilgjengelege og kor alle veljarar kan ta seg fram utan å måtta be om hjelp. Det vert også stilt krav om at det er godt tilgjenge inne i vallokala. Andre lokale skal kun nyttast dersom det føreligg særlege grunnar, t.d. dersom det ikkje er mogeleg eller det vil vera uforholdsmessig dyrt å gjera lokala tilgjengelege for alle.

Valstyret har vedteke at senior- og funksjonsrådet skal ha saka til uttale. Særleg ber valstyret dei vurderer om samfunnshuset i Eikelandsosen er eit betre alternativ enn Fusa ungsomsskule som har vore vallokale tidlegare. Evt. kan ei arbeidsgruppe synfara vallokala.

Vurdering:

Saka vert lagt fram; sjå vedlegg med oversikt over vallokala ved førre val.

Sjå pkt 10.3 s 58 i valhandboka:

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/krd/kampanjer/valgportal/valgmedarbeidere/valghandbok/valghaandbok_2013_nn.pdf

Vedlegg:

| | | |
|---|---------|------------|
| Storings- og sametingsval 2017 - orientering om og planlegging av valet | 1348389 | 10.03.2017 |
| Utleggingsstader for manntalet 2015, røystelokale og røystetider ved førehandsrøysting og på valtinget 2015 | 1348403 | 10.03.2017 |

SAKSFRAMLEGG

Storings- og sametingsval 2017 - orientering om og planlegging av valet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Valstyret tek saka til etterretning.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

Valstyret

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysningar/Vurdering:

Valdagen for stortings- og sametingsvalet 2017 er måndag 11.09.2017. Kommunar kan gjera vedtak om to-dagars val. I Fusa kommune har ein hatt ein valdag.

Sametingsvalet: På valdagen er det berre stortingsvalet vi har ansvar for å gjennomføra i Fusa. Sametingsvalet har vi berre førehandsrøystemottaket for.

Planlegging av stortings- og sametingsvalet 2017

Målet er ei riktig opteljing på raskast mogleg måte slik at valresultatet (grovteljinga) er klart til kl 21.00 valkvelden.

Med bakgrunn i erfaringane frå tidlegare val, tilrår rådmannen - i samråd med leiar i valstyret - at valet vert gjennomført på same måte som dei siste vala. Tiltak iverksett dei siste åra har medverka til ei effektiv og god gjennomføring av vala:

M.a. færre valkrinsar har medverka til raskare opteljing og rapportering av resultatet. Auka

fokus på opplæring av alle medlemmer av røystestyra er også ein medverkande faktor til denne utviklinga.

Vallokala hos oss stengjer kl 19.00 og første oppteljing vert gjennomført slik at «grovteljinga» skal vera klar til kl 21.00.

Fortsatt har Fusa kommune mange røystekrinsar, 6, sett i høve til røysteføre; ca 2800.

Endringar i vallova gjer at ein kan ta i bruk elektronisk avkryssing i manntala på valdagen. Sett i høve til gevinsten, vil dette verta for ressurskrevande ved stortingsvalet: M.a. meir omfattande opplæring for medlemmer i røystestyra, også innan IKT, samt investeringar i meir IKT-utstyr og stabil nettilgang med reserveløysing må vera på plass i alle røystelokala. I tillegg må ein ha ei beredskapsrutine til bruk dersom ein misser nettet. IT-ansvarlege måtte også brukt meir ressursar på planlegging samt support på valdagen.

Stortingsvalet 2017 er relativt enkelt å gjennomføra i Fusa kommune med same opplegg som ved dei siste vala.

Fusa kommune og Os kommune har vedteke å søkja om kommunesamanslåing frå 01.01.2020. Stortinget vedtek ny kommunestruktur i juni 2017. Det er då naturleg å samarbeida med Os ved planlegging og gjennomføring av valet i 2019. Evt. endringar i røystekrinsar, innføring av elektronisk avkryssing i manntalet, mm., vert difor vurdert før valet i 2019.

Tilstrekkeleg ressursar i 2017

For å sikra ei forsvarleg gjennomføring av valet, må personalressursar omdisponerast og tilførast i enda større grad enn ved forrige val i 2015. Vi må m.a. ha eitt godt nok bemanna førehandsmottak i Kommunetunet frå 10.08. Særleg ressurskrevande vert dei siste vekene før valet; dei fleste førehandsrøystene kjem i den perioden. Samtidig skal kommunen skal ta i mot førehandsrøyster på institusjonar. Pakking av valmateriell til røystelokala er ei anna viktig oppgåve.

Regelverk og rettleiingar frå staten

Endringar i valforskrift og forskrift for val til Sametinget har vore til høyring. Mindre vesentlege endringar ligg i forslaget:

«Forslaget til endringer i valgforskriften følger opp endringene i valgloven som ble vedtatt av Stortinget 13. juni 2016. Departementet foreslår å forskriftsfeste en beredskapsprosedyre for kommuner som velger å benytte seg av elektronisk avkryssing i manntallet på valgdagen, samt å endre fristen for innføring i manntallet for norske statsborgere som har bodd i utlandet. Departementet foreslår i tillegg å endre plasseringen av stempelfeltet på stemmeseddelen.

Forslaget til endringer i forskrift om valg til Sametinget følger også opp endringene i valgloven som ble vedtatt i Stortinget 13. juni 2016. Departementet foreslår at fristen for godkjenning av forhåndsstemmer flyttes fra valgdagen kl. 21 til tirsdag etter valgdagen kl. 17. Det foreslås også enkelte endringer som bidrar til en bedre harmonisering mellom bestemmelsene i valgloven/valgforskriften og forskrift om valg til Sametinget. «

Meir info om forslaget og valordninga elles på [valsidene til regjeringa](#).

På valportalen for valmedarbeidarane:

« Ved å velge et av temaene, får du tilgang på all informasjon og hjelp om temaet. Her finner du valgrutiner, brukerveiledninger, rollebeskrivelser, regelverk, opplæringsmateriell og viktig informasjon som er knyttet til temaet: . [Valportalen – slik gjennomfører du stortingsvalet](#)

Etter at valansvarlege har delteke på opplæring i regi av Valdirektoratet, får valstyret oppdatert informasjon.

Valet i Fusa i 2015 – evt. endringar i opplegget for 2017?

Sjå vedlagde informasjon frå forrige val om røystelokale og røystetider, førehandsrøystinga og utlegging av manntalet.

Evt. endringar i røystelokale og røystetider eller utleggingstader for manntalet?

Universell utforming og tilgjenge for alle

Kommunen skal m.a. sikra universell utforming og tilgjenge for alle. I opplæringa og informasjon er det presisert frå departementet at alle må vurderer om ein har vallokale som er bedre eigna og tilgjengeleg enn ved forrige val.

Som sak inn til råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne for evt. innspel i komande møterunde?

Andre saker som må handsamast er m.a.

Delegering frå valstyret

Møteplan

Vedlegg:

Utleggingsstader for manntalet 2015, røystelokale og røystetider ved førehandsrøysting og på valtinget 2015

1348403

10.03.2017

Manntalet i Fusa

Manntalet er lagt ut til offentlig ettersyn frå 16. juli til og med valdagen 14. september.

Her kan du kontrollera om du står i manntalet i Fusa kommune:

| Manntalet for Fusa kommune | I Kommunesynet |
|------------------------------|---|
| | Utleggingsstader for krinsanntala: |
| 1. Nore Fusa røystekrins | Nore Fusa A/S - Nærbutikken Holmefjord |
| 2. Eikelandsosen røystekrins | Kommunesynet |
| 3. Fusa røystekrins | Spar Fusa Venjaneset mat A/S - Fusatun |
| 4. Strandvik røystekrins | Brødrene Dalland A/S –Joker Strandvik |
| 5. Hålandsdal røystekrins | Kommunesynet |
| 6. Søre Fusa røystekrins | Revnestrånd Handel – Joker Baldersheim |

Du kan også få kontrollert om du står i manntalet ved å ringja Kommunesynet: 56 58 01 00.

Dersom namnet ditt ikkje står i manntalet som er lagt ut, eller det er andre feil, kan du klaga. Klagen skal vera skriftleg og grunngjeve og sendast til:
Fusa valstyre, Postboks 24, 5649 Eikelandsosen

Meir informasjon på www.fusa.kommune.no og www.valg.no

Eikelandsosen 15. juli 2015

Hans S. Vindenes
leiar i valstyret

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015

Røysting

Ved vala kan du røysta på førehand i kommunar kvar som helst i heile landet. På valdagen 14. september må du røysta i den kommunen du er manntalsført.

Tidlegrøysting

Veljarar som har behov for å førehandsrøysta i Fusa i perioden til og med fredag 7. august, kan venda seg til Kommunesynet tlf. 56 58 01 00 eller til postkasse@fusa.kommune.no og gjera avtale om tidspunkt for røysting.

Ordinær førehandsrøysting

| | | |
|--------------|--|------------------|
| Kommunesynet | Frå og med måndag 10. august til og med fredag 11. september | kl 09.00 - 15.30 |
|--------------|--|------------------|

Utvida opningstider:

| | | |
|--------------|-----------------------|------------------|
| Kommunesynet | Torsdag 3. september | kl 09.00 - 18.00 |
| Kommunesynet | Laurdag 5. september | kl 10.00 - 14.00 |
| Kommunesynet | Onsdag 9. september | kl 09.00 - 18.00 |
| Kommunesynet | Torsdag 10. september | kl 09.00 - 18.00 |

Førehandsrøysting ved institusjonar i Fusa i veke 36

Tid og stad vert kunngjort seinare på heimesida, i Os og Fusaposten og ved oppslag. Alle veljarar har høve til å førehandsrøysta på institusjonane; både bebuarane, personale og andre veljarar.

Heimerøysting

Veljar, som pga. sjukdom eller uførhet ikkje kan røysta ved ordinær førehandsrøysting eller i vallokalet på valdagen 14. september, kan søkja om å få røysta heime. I søknaden må du opplysa: kvifor du ikkje kan møta i vallokalet, fullt namn, fødselsår og fødselsdato, adresse og telefonnr.

Søknad må vera komen inn til valstyret innan onsdag 9. september kl 10.00: Søknad må sendast til: Fusa valstyre, Postboks 24, 5649 Eikelandsosen,

postkasse@fusa.kommune.no eller tlf. 56 58 01 00

Hugs legitimasjon og valkort!

Vallova krev at ein veljar som er ukjend for røystemottakar skal legitimera seg. Det er også ønskeleg at du tek med valkortet som du får i posten i byrjinga av august. Valkort skal sendast ut til alle med røysterett og som er innført i manntalet i kommunen.

Meir informasjon på www.fusa.kommune.no og www.valg.no

Eikelandsosen 15. juli 2015

Hans S. Vindenes
leiar i valstyret

Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015

Vallokale og opningstider valdagen 14. september:

| Valkrinsar/ Røystekrinsar: | Vallokale | Røystetid kl |
|-------------------------------|---|--------------|
| 1. Nore- Fusa | Nore Fusa oppvekstsenter skulen | 13- 19 |
| 2. Eikelandsosen | Fusa ungdomsskule | 10 – 19 |
| 3. Fusa | Fusa samfunnshus | 13- 19 |
| 4. Strandvik | Strandvik oppvekstsenter - skulen | 13 –19 |
| 5. Hålandsdal | Holdhus oppvekstsenter - skulen | 13- 19 |
| 6. Søre Fusa | Søre-Fusa oppvekstsenter | 13- 19 |

Hugs legitimasjon og valkort!

Vallova krev at ein veljar som er ukjend for røystemottakar skal legitimera seg. Det er også ønskjeleg at du tek med valkortet som du får i posten i byrjinga av august. Valkort skal sendast ut til alle med røysterett og som er innført i manntalet i kommunen.

Meir informasjon om valet på www.fusa.kommune.no og www.valg.no

Eikelandsosen 15. juli 2015

Hans S. Vindenes
leiar i valstyret

| Styre, råd, utval | Sak nr | Møtedato |
|--|----------|------------|
| Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne | 018/2017 | 27.03.2017 |

Skriv, meldingar og open post - 27.03.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til handsaming.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysningar/Vurdering:

Viser til handsaming og vedtak frå forrige møte. Svar på spørsmåla vert ettersendt/lagt fram i møtet.

Universell utforming og tilgjenge for alle:

Eit av fokusområda til senior- og funksjonsrådet

Viktig statleg nettsstad

<http://uukurs.dibk.no/modul-1/innholdsoversikt/>

<http://uukurs.dibk.no/modul-1/ressurser/tekster-om-uu/universell-utforming-eller-tilgjengelighet/>

På følgjande nettstader er det informasjon om korleis andre kommunar, fylkesmenn mm arbeider med temaet:

https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMTR/PLAN/Konferanser/Plankonferanse_2016/10_Paal_Kloster-Universell%20utforming.pdf

<http://www.kongsvinger.kommune.no/Documents/Planer%20og%20prosjekter/P%C3%A5g%C3%A5ende%20prosjekter/Universell%20utforming/pk-eksternesampart.pdf>

<https://www.oppland.no/Handlers/fh.ashx?MId=4&Filld=1162>

Vert lagt fram til informasjon og drøfting. Som bakgrunnstoff i høve enkeltsaker og innspel til korleis ein bør arbeida vidare med temaet i rådet og i kommunen-

Vedlegg:

Skriv, meldingar og open post - 30.01.2017

1344269

06.03.2017

| Styre, råd, utval | Sak nr | Møtedato |
|--|----------|------------|
| Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne | 012/2017 | 30.01.2017 |

Skriv, meldingar og open post - 30.01.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til handsaming.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 30.01.2017:

Handsaming:

Spørsmål frå tidlegare møte:

Instruksen for kommunepsykolog. Datatilknytning i nye omsorgsbustader.

Spørsmål om få framlagt instruksen for kommunepsykolog jf. sak nr 33/16 og 51/16. I tillegg vart det spurt etter vedtaket i sak 9/16 der senior- og funksjonsrådet la til grunn at nye omsorgsbustadar "ligger i en sone slik at datatilknytning er mulig."

Instruks for kommunepsykologen

Ansvarleg sekretær informerte om at det nok ikkje ein instruks for kommunepsykologen. Prioriterte grupper er barn og unge samt flyktingar slik det vart informert om då plan for flyktingetenesta vart handsama i november 2016. Meir informasjon vert lagt ut på heimesida.

Datatilknytning i nye omsorgsbustader

Det vart opplyst om at einingsleiar teknisk drift har gitt følgjande tilbakemelding:

"Generellt blir det lagt fram og installert fiber i alle nye bustadar. I eksisterande bustadar er me i ferd med tilsvarende arbeid, ikkje heilt i mål enno. Kommunen tek tilkoplingsavgift, leigetakar må sjølv vera abonnent. "

Det vart informert om at følgjande sak og spørsmål på ny er sendt vidare for tilbakemelding til senior- og funksjonsrådet:

Merking av parkeringsplassar for rørslehemma. Innstruks for kommunespsykolog.

Følgjande felles framlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:

Merking av parkeringsplassar for rørslehemma:

Kommunen må merka parkeringsplassar for rørslehemma slik lovverket krev. Kommunen må be eigarane av Fusa vidaregåande skule om å merka parkeringsplass for rørslehemma.

Instruksen for kommunespsykolog.

Ber om å få framlagt instruks for kommunespsykolog jf. sak nr 33/16 og 51/16.

I tillegg vart det teke opp følgjande om universell utforming i møtet

Følgjande felles framlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:

Senior- og funksjonsrådet krev at universell utforming, blant anna store nok heisar, alltid er i fokus i alle planar.

Saka vart elles teke til orientering.

RAAD- 012/2017 Vedtak:

Merking av parkeringsplassar for rørslehemma

Kommunen må merka parkeringsplassar for rørslehemma slik lovverket krev. Kommunen må be eigarane av Fusa vidaregåande skule om å merka parkeringsplass for rørslehemma.

Instruksen for kommunespsykolog.

Ber om å få framlagt instruks for kommunespsykolog jf. sak nr 33/16 og 51/16.

I tillegg vart det teke opp følgjande om universell utforming i møtet

Senior- og funksjonsrådet krev at universell utforming, blant anna store nok heisar, alltid er i fokus i alle planar.

Saka vart elles teke til orientering.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

Senior- og funksjonsrådet

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysningar:

Handsaming og vedtak frå forrige møte:

Parkeringsplassar for rørslehemma:

Følgjande felles framlegg var samrøystes vedteke 30.09.2016:

Senior- og funksjonsrådet tek til orientering at det no er merka opp plass for rørslehemma ved Kommunesynet og ber om at rådmannen syter for oppfølging av resten av vedtaket:

"RAAD-005/16 Vedtak:

Rådet ber om at kommunen merker opp plassar for rørslehemma ved Kommunesynet og andre kommunale bygningar etter lovverk.

Rådet ber og om at kommunen ber eigarane av Fusa vidaregåande skule om å merkja plass for rørslehemma. «

Til møtet 21.11.2016 var følgjande tilbakemelding motteke frå rådmannen v/teknisk sjef:

"Det er merka ved Kommunesynet, og så er det frå før ein merka plass ved FBBS (skilt). Me skal forny merkinga, men det blir neppe før til våren.

Ved andre kommunale bygningar er det ft. lite eller ikkje merking av parkering generellt. Der det er mogeleg kan me nok merka viss me har slikt arbeid på staden.

Budsjettramma til teknisk er også slik at me må prioritera m.a. forskriftskrava til inneklima og forsvarleg vintervedlikehald av vegar og parkeringsplassar framfor parkeringsmerking, i alle fall til manglande merking av plassar for rørslehemma blir eit praktisk problem.

Når det gjeld Fusa vidaregåande skule meiner eg den delen av vedtaket høyrer til plan- og byggesak."

Instruksen for kommunespsykolog. Datatilknytning i nye omsorgsbustader.

Elles vart det på nytt spørsmål om få framlagt instruksen for kommunespsykolog jf. sak nr 33/16 og 51/16. I tillegg vart det spurt etter vedtaket i sak 9/16 der senior- og funksjonsrådet la til grunn at nye omsorgsbustadar "ligger i en sone slik at datatilknytning er mulig."

Agnete D. Årvik følgjer opp og spør etter desse sakene.

Eldrerådskonferansen:

Eirin Bergheim og Åse Margrethe Hegre Riise deltok på eldrerådskonferansen til Hordaland Fylkeskommune. Presentasjonane frå konferansen var sendt ut til senior- og funksjonsrådet før møtet. Eirin Bergheim orienterte kort i møtet og svara på spørsmål:

Informasjonen om "Lyttevenn" er særst interessant. Dette temaet vert informert vidare om i kommunen og til frivilligsentralen.

Bruk av velferdsteknologi var eit anna tema som også er lagt inn i budsjettetframlegget til kommunen som eit eige prosjekt. Formannskapet vert orientert om kommunen sitt prosjekt i møtet 23.11.2016.

RAAD- 064/2016 Vedtak:

Saka vert følgt opp slik det går fram av handsaminga.

Saka vert elles teke til orientering.

| Styre, råd, utval | Sak nr | Møtedato |
|--|----------|------------|
| Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne | 019/2017 | 27.03.2017 |

Eldredagen 2017 - planlegging i møtet 27.03.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til handsaming

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

Senior-og funksjonsrådet

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysningar/Vurdering:

Sjå vedtak og handsaming i førre møte. Saka vert lagt fram for vidare planlegging.

Vedlegg:

| | | |
|--|---------|------------|
| Evaluering av eldredagen 2016 - planlegging av eldredagen 2017 | 1344266 | 06.03.2017 |
| Eldredagen 2016 -evaluering | 1339102 | 25.01.2017 |

| Styre, råd, utval | Sak nr | Møtedato |
|--|----------|------------|
| Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne | 011/2017 | 30.01.2017 |

Evaluering av eldredagen 2016 - planlegging av eldredagen 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til handsaming.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 30.01.2017:

Handsaming:

Følgjande innspel kom under evalueringa:

Gode tilbakemeldingar.

110 betalande.

Strandvik blandakor veldig flinke.

Loddtrekning var noko langtekkelig. Evt. auka betaling inngangsbillett og utelate loddsal. Kjekt arrangement.

Ønskje om at festen blir heldt i ulike delar av kommunen. Då kan evt. pensjonistlag/foreningar vere delaktige.

Følgjande fellesframlegg fremja av Eirin Bergheim vart samrøystes vedteke:

Fortsetje med same organisering i år som i fjor, med samarbeid m/Senioruniversitetet.

Rådet velger representantar.

Eirin tar kontakt med Eli Dalland, Senioruniversitetet, om dei ønskjer samarbeid også i år?

Åse Margrethe kontakter Holmefjord sanitetslag.

Loddsal utgår.

RAAD- 011/2017 Vedtak:

Fortsetje med same organisering i år som i fjor, med samarbeid m/Senioruniversitetet.

Rådet velger representantar .

Eirin tar kontakt med Eli Dalland, Senioruniversitetet, om dei ønskjer samarbeid også i år?

Åse Margrethe kontakter Holmefjord sanitetslag.

Loddsal utgår.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

Senior- og funksjonsrådet

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysningar:

Sjå vedlagde sak og vedtak frå møtet i november

Vurdering:

Vedlegg:

Eldredagen 2016 -evaluering

1339102

22.11.2016

| Styre, råd, utval | Sak nr | Møtedato |
|--|----------|------------|
| Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne | 065/2016 | 21.11.2016 |

Eldredagen 2016 -evaluering

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til handsaming.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 21.11.2016:

Handsaming:

Det vart orientert kort om markeringa m.a.:

Stor oppslutning om arrangementet!

Følgjande samrøystes vedtak vert gjort:

I neste møte gjer senior- og funksjonsrådet evalueringa.

Kvar enkelt medlem førebur seg til møtet:

Planlegging og gjennomføring av markeringa i 2016:

Kva fungerte bra?

Forbetringspunkt?

Slik at ein får vidareutvikla konseptet og leggja eit enda bedre grunnlag for markering av eldredagen i 2017.

RAAD- 065/2016 Vedtak:

I neste møte gjer senior- og funksjonsrådet evalueringa.

Kvar enkelt medlem førebur seg til møtet:

Planlegging og gjennomføring av markeringa i 2016:

Kva fungerte bra?

Forbetringspunkt?

Slik at ein får vidareutvikla konseptet og leggja eit enda bedre grunnlag for markering av eldredagen i 2017.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

Senior- og funksjonsrådet

Saksdokument:

Vedlegg: Sjå nederst i saka

Ikkje vedlegg:

Faktiske opplysningar/vurdering:

Saka vert lagt fram for evaluering av planlegging og gjennomføring av markeringa av eldredagen. Jf. tidlegare handsaming i møtet 26.09.2016 sak nr 49/16.



Sakshandsamar: Gunn Sissel Teigen
Arkivsaksnr: 17/468
Journalpostnr: 17/3339

| Styre, råd, utval | Sak nr | Møtedato |
|--|----------|------------|
| Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne | 020/2017 | 27.03.2017 |

Skriv og meldingar

Skriv og meldingar vert teke til etterretning.

Underliggende sak:

, Vellukka felles nyttår i Fusa

, Referat frå møte om Den kulturelle spaserstokken

Fusa kraftlag
Stallabrotvegen 119
5640 EIKELANDSOSEN

Vår dato
23.01.2017

Vellukka felles nyttår i Fusa

Fusa kommune vil nytta høve til å takka lokale verksemdar for bidrag i høve felles nyårsfeiring på Tusenårsplassen i Eikelandsosen.

Denne fellesfeiringa kom til på kort varsel på initiativ frå privatpersonar. Med god hjelp frå frivilligsentralen og kulturkontoret vart det lagt til rette for den første felles nyårsfeiringa i Fusa. Det var stort oppmøte og arrangementet samla folk frå mange bygder.

Det var god stemning på arrangementet og det har vore mange positive tilbakemeldingar i ettertid. Sjølve fyrverkeriet var feiande flott og vi hadde gode erfaringar med å hyra inn ein profesjonell aktør til å ta seg av det tekniske, i trygge og ryddige former.

Vi kan sjølvsagt gjera ting betre ved komande feiringar og utvikla arrangementet slik at vi kan samla endå fleire. Vi kan t.d. gå breiare ut og starta tidlegare med ei kronerulling, der både næringsliv, det offentleg og privatpersonar kan bidra.

Som ordførar vil eg gje honnør til dei som tok initiativet til fellesfeiringa i 2016 og til alle som på kort varsel svinga seg og gav viktige bidrag til realiseringa.

Helsing

Atle Kvåle
ordførar

Mildrid Aarvik

Vår dato
17.03.2017

Referat frå møte om Den kulturelle spaserstokken

Møte i arbeidsgruppe torsdag 16. mars kl 14-15 på møterom 142 i Kommunetunet. Til stades: Mildrid Aarvik FBBS, Åse Hegre Riise Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne og Erik Vangsnes kulturkontoret.

Fusa kommune har søkt om statleg tilskot til den «Den kulturelle spaserstokken» for 2017 og har fått innvilga kr 45.000,-. Tilskota er ein del av ei nasjonal kultursatsing som har som mål å syta for profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet til eldre. Det ligg m.a.o føringar på at vi ikkje skal bruka tilskota til å honorera amatørkulturen som er ein viktig del av kulturformidlinga på institusjonar på i Fusa og elles i landet. Det same gjeld for tilbodet i Den kulturelle skulesekken.

Fusa har dei 4 siste åra hatt eit samarbeid med musikkpedagogen Fredrik Elholm, som har hatt eit musikktilbod til demente. Sidan tilskota ikkje skal gå til permanente tiltak er det ønskeleg å prioritera annleis i 2017. Vi vil framleis ha Elholm innom, men vil prøva å gje eit tilbod til fleire og ha meir variasjon. Musikktilbodet til demente har m.a. ikkje gått til dei mange heimebuande som er på vanleg dagsenter tysdag og torsdag.

Arrangementa så langt har vore vellukka. Mildrid melder at Bart Clavier var veldig flinke til å møta publikum og tok seg god tid både før og etter. Dette er ei gruppe musikkterapeuter som nok er veldig medvitne på dei er med på!

Vi ser for oss eit slikt program for 2017:

| Dato | Artist | Sjanger | Honorar | Kommentar |
|-----------------|-------------------------------------|-------------------------------|---------|---|
| 16.2. | Tom Roger Aadland | Viser/ rock | 3.500,- | Samarbeid med Torsdagsakademiet |
| 14. mars | Bart Clavier | Folk/pop | 8.000,- | Regional turne |
| 30. mars | Gabriel Fliflet/ Richard Burgess | Folkemusikk/ populærmusikk | 6.000,- | Regional turne |
| 2 dagar i vår | Fredrik Elholm | allsong | 4.500,- | |
| 2 dagar i haust | Fredrik Elholm | allsong | 4.500,- | |
| 1.10. | Bente Bratlund | Litteratur | | Eldredagsarr både på FBBS og off |
| 1.10. | Kurt Hatten | Viser/ pop | | Eldredagsarr både på FBBS og off |
| September | Lisbeth Dreyer | Kulturhistorie | | Program om Vestlandshagar eller fotograf Knut Knudsen |
| Sommar | Arvid Åsprang | Musikk | | Underholdning til sommarfest ute? |

Om kostnader blir større enn kr 45.000,- kan ein dekke dette inn med tidlegare avsetjingar på fond.

Vi tenker då at spaserstokken tek honorarutgifter til både Bratlund og Hatten i samband med eldredagen. Detter er i tråd med søknad til HFK. Mildrid sender Erik kontaktinfo om Kurt Hatten og han følgjer opp Hatten og Dreyer.

Erik stadfestar avtale med Fliflet/Burgess kl 11 torsdag den 30. mars.
Mildrid gjer avtalar direkte med Elholm og event Åsprang, om det blir aktuelt.
Åse blir invitert med på arrangementa. Mildrid følgjer opp.

Alle honorar vert fakturert til kulturkontoret med ressursnr 507407.

Helsing

Erik Vangsnes
kulturleiar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.